

Utviklingstrekk og utfordringar for Meland samfunnet

Drøftingsdokument for planstrategi til Meland kommune



Mai, 2016

1	Å drive utviklingsarbeid.....	4
2	Faktagrunnlag.....	5
2.1	Demografi og folketalsutvikling.....	6
2.2	Utfordring og utviklingsretning	6
2.2.1	Demografi eldre	8
2.2.2	Demografi over barn og unge	8
3	Bustad	9
3.1	Utfordring og utviklingsretning	9
3.1.1	Planbehov framover.....	13
4	Barn og unge.....	13
4.1	Barn i barnehage	14
4.1.1	Kvalitet i barnehagen	15
4.2	Barn i grunnskule.....	15
	Nærskuleprinsippet og skulekrinsar.....	16
4.3	Vidaregåande opplæring.....	16
4.4	Utfordring og utviklingsretning	18
4.4.1	Faginnhald i skulen.....	18
4.4.2	Planbehov skule	18
4.4.3	Planbehov barnehager:	19
5	Kultur	19
5.1	Utfordring og utviklingsretning	19
5.1.1	Planbehov framover.....	20
6	Folkehelse	20
6.1	Status.....	20
6.1.1	Kor skil Meland seg positivt ut?	21
6.1.2	Kor skil Meland seg negativt ut?	22
6.2	Sosiale indikatorar	23
6.3	Levekår ungdom	24
6.3.1	Trivsel.....	24
6.3.2	Barn i låginnteksfamiliar.....	25
6.3.3	Arbeidsløyse i Meland	25
6.3.4	Arbeidsløyse blant unge.....	26
6.3.5	Ungdomskriminalitet.....	26

6.4	Utfordring og utviklingsretning	27
7	Helse/ ungdom	27
7.1.1	Helsestasjon	27
7.1.2	Helsesøster	27
7.1.3	Psykisk helse	28
7.1.4	Barnevern	30
7.1.5	Planbehov framover	30
7.2	Helse og omsorg over 67 år	30
7.3	Utfordringar og utviklingsretning	30
7.3.1	Planbehov framover	32
8	Verdiskaping og kompetanse	32
8.1	Utfordring og utviklingsretning	32
8.2	Planbehov framover	35
9	Miljø, landbruk og klima	35
9.1	Planbehov framover	36
10	Arealdisponeringar og infrastruktur	36
10.1	Utfordringar og utviklingstrekk	36
10.2	Planbehov framover	37
11	Samferdsel	37
11.1	Gang- og sykkeltrafikk	39
11.2	Planbehov framover	41
12	Organisasjonsutvikling	41
12.1	Planbehov framover	41
13	Oppsummering	41

Bakgrunn

Analyse- og utfordringsdokumentet er ein gjennomgang av viktige område for utviklinga av Meland kommune. Kva er status, korleis har utviklinga vore og kva for utfordringar ser vi framover?

Dokumentet skal nyttast som grunnlag for ein diskusjon kring mål, strategiar og planoppgåver som skal innarbeidast i ein kommunal planstrategi. Føremålet med planstrategien er å setje fokus på kva strategiar ein vil velje for vidare utvikling, og kva planoppgåver det er viktig å arbeide med i valperioden. Analyse- og utfordringsdokumentet er difor eit skritt for å få fram kunnskap om kommunen, som kan stimulere til gode politiske prosessar og prioriteringar for framtida.


Sjølv om dette er eit fagdokument, vil det vere ulike oppfatningar av tema det er viktig å ha kunnskap om. Politikk handlar om verdiar, og kunnskap er eit verktøy for å synleggjere ulike verdimeisige tilhøve.

1 Å drive utviklingsarbeid

Det er viktig å målrette utviklingsarbeidet. Vi kan ikkje gjere alt og det vi gjer må vere skikkeleg. Mange kommunar spreier innsatsen sin tynt utover, er opptatt av å tene alle, og greier ikkje sjølv å setje dagsorden og vere pådrivar. Ved å målrette og prioritere arbeidet vil vi få meir ut av utviklingskapasiteten. Kommunen må våge å prioritere, og gjennomføre det vi har planlagt. For å kunne ta gode strategiske val treng vi faktagrunnlag. Kva planer treng vi for å arbeida systematisk og målretta? Vi og må sjå på samanhengen mellom regional planlegging, fysisk planlegging, lokalsamfunnsutvikling, og kommunen sin rolle som tenesteleverandør.

Drivkrefter som er framheva som relevante for utviklinga i tiåret som kjem: Vi blir rikare, snittalderen på befolkninga aukar og innvandrarsandelen aukar med vekt på europeisk innvandring, viktige stikkord er

- Befolkningsendringar
- Sentralisering og urbanisering
- Strukturendringar i næringslivet
- Klima og miljø



Skisse over verkemidlar-utviklingstrekk og usikkerhet i Bergensregionen (Olav Berrefjord)

For å møte dei strukturelle endringane i samfunnet må politikarane og forvaltninga våge å gje frå seg kontroll, og innbyggjarane må venne seg til å ikkje berre vere kundar i velferdsbutikken, men og ta ei større grad av medansvar. Dette krev tilvenning frå alle partar, men slik kan vi bygge eit godt samfunn for alle i Meland.

2 Faktagrunnlag

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2025 er basert på kommunen sin visjon om at Meland kommune skal vere «Eit samfunn for alle.» Vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og er medspelarar i arbeidet med å utvikle eit godt lokalsamfunn. Visjonen representerer ei forplikting ved at han uttrykkjer at alle skal ha høve til eit godt liv i Meland kommune og visjonen skal vere eit berande element i arbeidet med å utvikle kommunen.

Verdi:

- Livskvalitet i Meland
- Berekraft i Meland
- Næring i vekst
- Aktiv i Meland

Overordna mål


- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei berekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei meste attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

2.1 Demografi og folketalsutvikling

Utviklinga av folketalet er viktig for kva strategiske val ein må ta for å skape ei god utvikling i kommunen. Det er og eit kriterium for kva økonomisk utvikling kommunen vil ha framover.

2.2 Utfordring og utviklingsretning

Folketalsutviklinga er avhengig av ei rekke tilhøve, nokre som kommunen sjølv har styring med, men og forhold som ligg utanfor kommunen sin kontroll. Premiss kan vere, bustadutvikling og tilgang på attraktive tomter. Andre faktorar er fødselsoverskot og innvandring, då særleg arbeidsinnvandring, sysselsetting og arbeidsplassar i pendlaravstand. Meland er og ein del av ein felles arbeids- og bustadmarknad i Bergensregionen og dette gjer kommunen attraktiv som bukommune.




Figur nr.1. Tabell over historisk befolkningsutvikling (2007-2016)

Meland er ein vekstkommune og hadde per. 01.01.16 .7812 innbyggjarar. I snitt har folketalet i Meland auka med 126 personer i året. Frå 1990 til 2016 har folkemengda auka med 72,3 % frå 4534 innbyggjarar til 7812 innbyggjarar. Den årlige veksten er i snitt 2,12 % frå 1990.

Når ein lagar prognoser på folketalsutvikling vert det lagt til grunn ulike variablar for berekning av utviklinga. Generelt er det tre hovudscenarioer: låg nasjonal vekst, middels nasjonal vekst og høg nasjonal vekst. Veksten i Meland har dei siste 5 åra i snitt vore 2,77 %. På bakgrunn av denne utviklinga vert det mest sannsynleg å legge til grunn middels nasjonal vekst framover. Det vert gjort merksam på at befolkningsprognosen til ssb er utarbeidd i 2014. Dei to siste åra har Meland hatt noko lågare vekst enn tidlegare, og det faktiske


folketallet ligg no noko under det prognosen tilseier. Nye prognosar kjem i juni 2016, men det er for seint for dette notatet.

Aldersmessig stemmer prognosen godt med tal på barn og eldre, det største avviket ligg i gruppa med vaksne. Årsaka til dette avviket kan vere flytting. Kva aldersgruppe som vel å flytte inn til kommunen, har samanheng med type tilgjengelege bustader og jobbmarknaden i kommunen.



Figur nr.2. Folketalutviklinga 2017-2025- middels vekst

Når ein planlegg for ei god samfunnsutvikling er det viktig å sjå på alderssamansetningar i kommunen. Slik kan ein prioritere ressursar på dei områda, der det ser ut til å bli størst vekst. Det er og ein peikepinn på kor ein bør gå inn og gjere tiltak for å førebygge for framtidige utfordringar. Meland har ei relativt ung befolkning. Samanlikna med snittet i Hordaland er ein høgare del av befolkninga i gruppa 6-15 år, og ein lågare del av befolkninga i gruppa 67-79 år og eldre over 80 år.



Figur3. Kakediagram over samansetninga av befolkninga per. 2016


Kakediagrammet over viser at i gruppa 0-15 år er det 1899 barn i 2016. Ein ung befolkning skaper ei aktiv og god utvikling i ein kommune, men det er og nokre utfordringar. Desse kjem vi attende til i kapittel om barn og unge. Gruppa over 67 år på 826 personer, er framtida sine eldre i kapitel om helse og omsorg, er det sett søkelys på korleis vi kan planlegge for ei god framtidig eldreomsorg.

2.2.1 Demografi eldre

I 2007 var det 573 innbyggjarar over 67 år. I 2016 var det 826 innbyggjarar over 67 år. I praksis ser vi altså ein stor auke i pensjonistar.

Når det gjelder eldre over 80 år, så var det i 2007, 208 personer og i 2016, 220 personer. Dette er ein liten auke av tal på eldre, som er i den alderen der sjukeheims plass og heimetenester er spesielt aktuelt.

2.2.2 Demografi over barn og unge



Tabell 4. Befolkninga i Meland fordelt på aldersklassar og samanlikna med Hordaland

Her ser vi at Meland ligg over snitt i Hordaland når det gjeld barn og unge i alle aldersklasser. Det er særleg den yngste gruppa som er stor og dette vil vere med å påverke utviklinga i kommunen.


3 Bustad

Mål: I Meland skal det vere godt å bu i alle livssituasjonar. Vi skal ha attraktive og varierte bumiljø.

Familiestrukturen er i endring. Fleire bur aleine, familiarne er mindre, og det er fleire familiar med ein vaksen og eit barn. I arbeidet med å gjere kommunen attraktiv, er det også viktig å vektleggje desse forholda i planlegginga av våre bumiljø. Det er og statlege føringar på at vi i eit klimaperspektiv skal bygge tett og nært kollektivtransport, for å redusere bilbruk.


Tryggleik og gode naboskap vert viktig når fleire skal bu tett.

3.1 Utfordring og utviklingsretning




Figur nr.5. hushaldninger i Meland

Når ein ser på tabell over hushaldningar i Meland viser den nokre interessante trekk, som ein må ha med seg i reguleringsplanlegginga og detaljering av bustadtypar i Meland. Det vert stadig ei større gruppe aleinebuande. Når ein så samanliknar med bustadmassen i figur under, så er den prega av einebustader, det betyr at i framtida vil eldre eige ein betydelig del einebustader. Befolkningssamansetninga endrar seg, vil vere andre typar bustader det er behov for? Etter prognosane vil det mellom anna vere behov for fleire bustader til aleinebuande og små familiar.




Figur nr.6 Bustadmassen i Hordaland, 2014, fordelt etter bustadtype. Kjelde statistikk.igest.no/SSB




Tabell nr.7. forventa bustadbehov 2014-2040 i Hordaland fordelt på husholdninger.

Tabellen under viser kva type bustader som er bygd i kommunen frå 2006-2014.



Tabell nr.8 over bustadutviklinga i Meland 2006-2014

I 2014 er det framleis flest einebustader som vert bygd, men vi ser likevel ein markant auke i tomannsbustader.



Figur nr.9 oversikt over byggeår bustader

Denne tabellen synleggjer kva type bustader vi har i Meland. På 1970-80 talet vart det bygd nærast berre einebustader. Det er snart tid for generasjonsskifte i desse bustadane. Spørsmål ein kan stilla seg, er om det denne type bustader neste generasjon har behov for? Kva vil det skape for utfordringar for framtida sin bustadstruktur i Meland?

Bumiljøet er dei omgjevnadane ein lever i og vert påverka av. Dei private og offentlege uteromma som utgjer nabolaga mellom heimane er viktig i eit identitet og folkehelseperspektiv. Buforma, om ein lever aleine eller tett på andre, gjev ulike utfordringar. Fleire menneske og bustader på eit geografisk lite område gjer det viktigare å leggje premissar for kvalitet i bustadmiljøet og det offentlege rommet. Vi veit ein del om enkeltelement som vil bidra til gode bumiljø. Erfaringa viser likevel at nye prosjekt ikkje i tilstrekkeleg grad tek opp i seg alle element som bidreg i den retning. Dette kan ha grunnlag i bevisste val, men det kan og forklarast med andre forhold. Gjennomføringsfasen kan i visse tilhøve verte annleis enn planlagt. Korleis sikre fleksibilitet i planane? Private står bak det meste av utbygginga, dei er difor svært sentrale utbyggingsaktørar. Kan vi bidra til auka fokus på dette temaet ved å vektleggje i større grad samspelet mellom kommune – næring/utbyggjar – 3 sektor? Dette er tema som må vere ein del av utviklingstrategien til kommunen.

Meland kommune er ein kommune der vi og får fleire eldre, fleire innvandrarakar, og det flytter vanskelegstilte til kommunen. Kommunen har få tilrettelagte bustader for dei som ikkje klarer å skaffe bustader på det opne marknaden. I denne samanheng er det viktig at kommunen har

ein strategi som seier noko om utbyggingsbehov for ulike grupper. Kommunen har relativt få omsorgsbustader og kommunale bustader. I eit bustad- og bumiljøperspektiv er det viktig å sjå denne type bustader som ein del av ein heilskap. Vi må også legge til rette for sentralt plasserte husvære for ungdom og menneske med særskilte behov for tilrettelegging.

3.1.1 Planbehov framover

Strategiar for befolkningsvekst og endring i befolkningsammansetninga - kva grep resulterer det i reguleringsplanarbeidet?

Strategiar for å skape gode og attraktive bumiljø - eit samarbeidsprosjekt med kommunane som er ein del av Byregionprogrammet.


Bustadsosial melding: Denne skal ta i vare grupper med særskilte behov men og førstegangsetablerarar / ungdomsbustader – med strategiar for korleis integrere desse gruppene i det ordinære reguleringsplanarbeidet.

Strategiar for å finne aktuelt sentralt areal til husvære for eldre, ungdom og menneske med særskilte behov.

Strategi for omfang og forvaltning av kommunale bustader.

4 Barn og unge

Når barn og unge opplever tryggleik, har ei kjensle av å høyre til og trivst i lokalmiljøet, legg det eit godt grunnlag for god helse gjennom heile livet. Kommunane legg premissane for utviklinga av lokalsamfunnet, og kan på den måten påverke barn og unge sin oppvekst ved å stimulere til utvikling av gode lokalsamfunn. Det er kjent at ulikhet i inntekt og sosioøkonomiske tilhøve har samanheng med helse, og muligheit til å gjere val som fremjar god helse og livskvalitet. Gode vanar vert lagt tidlig og det er særleg viktig at vi legg til rette for gode og likeverdige oppvekstvilkår for barna våre. Det er mange faktorar som skaper gode oppvekstmiljø og det er mange ulike tenesteområder som retter arbeidet mot barn og unge. For å nytte ressursane godt og få gode løysningar, må ein arbeide på tvers av fagområder og ha med frivillig sektor som ein sentral medspelar.



Figur nr.10. Folketalsprognose 2017-2025

Som tabellen viser vil det vere ein stor auke i talet på barn og unge framover. Alt i 2017 vil det vere 1198 born i skulealder. Desse vil trenge fritidstilbod, kollektivløysingar, gode skuler og eit godt helsetilbod. Får vi til ein god politikk som tek på alvor den store gruppa, er dette ein ressurs for kommunen. Det er her grunnlaget vert lagt for vidare utvikling.


4.1 Barn i barnehage

Mål: Meland kommune skal sikra at alle born har tilbod om barnehageplass av god kvalitet.

I Meland er det 8 private og 1 kommunal barnehage. Kommunestyrevedtak 51/2015: «Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i samsvar med gjeldande økonomiplan»

Det er mange barnehageaktørar alt frå lokale enkelmannsføretak til store barnehagekjedar som driv dei private barnehagane. Til hovudopptaket 2016 (per 01.03.2016) var det 148 søkjarar. 125 barn var småbarn under 3 år. Alle born som hadde rett til plass fekk eit tilbod, men ikkje alle fekk første eller andre prioritetstilbod. Det er størst søknad til barnehagane på Frekhaug. Barnehagane i Meland ligg geografisk spreidd i heile kommunen. Utbygginga har vore styrt av tanken om at det skulle vere ein barnehage i kvar krins.

Det var per. 04.05.16. registrert 605 barn med plass i barnehagane i Meland. Det betyr mange familiar med tilknytning til barnehagesektoren.



Figur 11. Barn i barnehage i Meland 2012-2015

Barnehagane er etter kvart også store bedrifter i Meland kommune. Til saman var det per. 15.12.15. 163 tilsette, og 154 årsverk i dei 9 barnehagane.

Det skal utarbeidast ei mulighetsstudie for å utgreie plassering av ny barnehage i Frekhaugområdet, oppstart vår 2016.

4.1.1 Kvalitet i barnehagen

Meland kommune har barnehageplanen med kvalitetsdel på høyring.

Der er det nokre områder som utpeikar seg som ein ynskjer å arbeide med. Det er fysisk utemiljø, korleis ein samhandlar med føresette, personalet si omsorg for barnet og kompetanseheving. Vidare er det barn sitt vennskap med andre barn, trivsel og barnas utvikling. Det er desse områda ein arbeider målretta med for å gje barnehageborn ein god kvardag.

4.2 Barn i grunnskule

Mål: Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle

Meland kommune har ei ung befolkning. I aldersgruppa mellom 0 og 15 år, har Meland ein større del innbyggjarar samanlikna med Hordaland. Spesielt i aldersgruppa 1-5 år og 6-12 år er forskjellen stor.

Framtidig skulebehov og skulestruktur

Elevtalsprognosen under inkluderer alle barn frå 6-15 år i Meland kommune. Prognosen er utarbeidd av ssb (statistisk sentralbyrå) og er basert på middels nasjonal vekst og høg nasjonal vekst. Fram mot 2030 kan kommunen vente seg ei auke i elevtal. Middels vekst skisserer ei auke på 50 % som tilsvarar ei årleg vekst på 3,1 %. Høg vekst skisserer ein vekst på heile 70 % fram til 2030. Dette er 4,3 % auke i året.

Kor den største auka i elevtal vil kome er avhengig av bustadbygging, og veksten vil fordele seg ulikt på dei forskjellige skulane. For å rekne ut kor mange elevar kvar skule vil få i tida framover, har ein teke utgangspunkt i folkeregistrerte barn i krinsen per. dags dato.

Born fødd pr år:	Elevtal 2014-15	Elevtal 2015-16	Elevtal 2016-17	Elevtal 2017-18	Elevtal 2018-19	Elevtal 2019/20	Endr. 15-16	Endr. 16-17	Endr. 17-18	Endr. 18-19	Endr. 19-20
Grasdalen skule	116	130	144	166	179	178	14	14	22	13	-1
Sagstad skule	359	378	388	399	431	443	19	10	11	32	12
Meland Ung.skule	155	151	159	169	177	192	-4	8	10	8	15
Vestbygd skule	180	200	191	192	183	183	20	-9	1	-9	-
Rosslan 1. - 7 klasse	125	115	118	111	106	99	-10	3	-7	-5	-7
Rosslan 8. - 10.	112	113	109	126	132	140	1	-4	17	6	8
Rosslan skule	237	228	227	237	238	239					
TOTAL	1 047	1 087	1 109	1 163	1 208	1 235	40	22	54	45	27

Figur 12 .oversikt over prognoser for elevtal

Prognosane viser at det er tre skular som vil få vekst: Sagstad skule, Grasdalen skule og Meland ungdomsskule. Vestbygd skule og Rosslan skule ser ut til å få relativt stabile elevtal.

Private skular: I Meland kommune vart det i skuleåret 2012-13 etablert ein privat skule, Danielsen ungdomsskule på Frekhaug. Skulane i Meland har til felles at dei i takt med folkeveksten stadig har hatt trong for utviding. Bygningsmassen varierer mykje i alder og standard.

Nærskuleprinsippet og skulekrinsar

Meland kommune har ikkje utarbeidd eigen forskrift for opptak til skulane. Det er nærskuleprinsippet som er styrande. Opplæringslova § 8-1 (1. ledd) er gjeldande føresegn for dette prinsippet: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til (...)».


Kvalitet i skulen

Skulen er ein sentral arena for å gje born gode oppvekstvilkår. Systematisk arbeid for redusere mobbing er viktig. Meland har lagt litt under normen i resultat på nasjonale prøver i lesing. Det er no eit målretta arbeid for å auke lese og skriveferdighetene i skulane. Skulane og den kommunale barnehagen har og ei satsing på realfag, og er med i eit nasjonalt program for dette arbeidet.

4.3 Vidaregåande opplæring


Regionen har i dag eit godt utdanningstilbod for vidaregåande opplæring. Knarvik vidaregåande skule er ein av dei største vidaregåande skulane i Hordaland med 987 elevar (2013) og ca. 150 tilsette. Skulen har samarbeid med lokale bedrifter. I tillegg til vanlege programområde kan elevane velje programmet TAF (tekniske og allmenne fag) der dei får fagbrev og spesiell studiekompetanse på 4 år. Knarvik vidaregåande skule var pionerskulen for denne typen utdanning, og tilbyr i dag fire forskjellige kurs.

Austrheim vidaregåande skule ligg i Mastrevik i Austrheim og har 258 elevar (2013).



Figur 13 utdanningsnivå i Meland 2016

Utdanningsnivået er lågare i Meland enn i Bergen og i landet elles. Det er 47,3 % som har vidaregåande skule. Og berre 4.7% som har universitet eller høgskuleutdanning på masternivå. Det skuldast mellomanna at det har vore relativt lett å få godt betalt arbeid utan ei lang utdanning. Dette kan vere i ferd med å endre seg. Dei fleste kommunane i Nordhordland har dei siste åra hatt raskare vekst i andelen med lang utdanning enn Bergen og heile landet.



DROPOUT_TN_tabU_2016-01-22-14-14.csv

Figur 14. frafall i vidaregåande skule i relasjon til foreldre sitt utdanningsnivå

Gode fagkunnskap i grunnskulen hjelper på at ein kjem seg gjennom vidaregåande, arbeidet med å redusere fråfall bør starte alt i grunnskulen. Fråfall i vidaregåande skule er eit nasjonalt problem, som alle kommunane må arbeide målretta med.

4.4 Utfordring og utviklingsretning

I kommuneplan sin arealdel er det i føresegnene sett krav om rekkjefølgje (teknisk infrastruktur mm.), jf. pbl §§ 11-9, nr 4 sagt: *For områder avsett til framtidig bustad- og næringsbygging kan det ikkje gis rammeløyve eller igangsetting av tiltak før - naudsynt kapasitet på skule og barnehage er etablert.* I arbeidet med skulestruktur bør ein som hovudregel søkje løysingar som utnyttar og optimaliserer eksisterande skuleanlegg. Skular med plass til fleire elevar, bør utnyttast og fyllast opp, slik at kvart skuleanlegg får det elevtalet det er bygd for.

Kontinuerlege endringar i elevtalet ved skulane, gjer at kapasiteten ved skulane også endrar seg. Difor er det naudsynt å sjå på skulestrukturen i eit overordna behovsperspektiv med jamne mellomrom.

Ved ei vidareføring av skulestrukturen i dag ser vi at i perioden fram til 2018 er det eit stort behov for å auke kapasiteten på Grasdal og Sagstad skule. Dette arbeidet er sett i gang. Tilbygg på Grasdal og Sagstad skal vere klart 2017. I tillegg viser prognosar at det på slutten av perioden kan bli behov for å auke kapasiteten på Meland ungdomsskule, men dette er meir usikkert.

4.4.1 Faginnhald i skulen

Trivsel

Elveundersøkinga viser gode utviklingstrekk for trivsel i skulen. Tal på elvear som blir mobba er gått ned. *Tal skoleporten.no*

Generelt har Meland skulen lagt litt under gjennomsnittet på Nasjonale prøver. Dette vert det arbeida med gjennom mellomanna prosjekta omtala under.

Kommunen er blitt valgt til «Realfagskommune». Kommunen forpliktar seg då til å 1) utvikle ein lokal realfagsstrategi med politisk forankring 2) etablere og koordinere lokale realfaglige nettverk for barnehage- og grunnskolelærarar og 3) delta på felles fagsamlingar i regi av Utdanningsdirektoratet. Dette betyr at vi må arbeide målretta med korleis vi skal løfte resultat innan realfag i kommunen.

4.4.2 Planbehov skule

Det bør i planperioden gjennomførast ei analyse for etablering av ny ungdomsskule i Frekhaugområdet

Strategiar mot mobbing - revidere og aktualisere skulane sine handlingsplaner mot mobbing (Zero Handlingsplan) og fokus på internkontroll knytt elevane sitt læringsmiljø.

Kommunen er blitt valgt til «Realfagskommune». Kommunen forpliktar seg då til å utvikle ein lokal realfagsstrategi med politisk forankring.

Det skal utarbeidast ein kompetanseplan for 2016-2019.

Satsing og strategi for felles leseopplæring for alle skulane (felles leseplan), for å følgje opp å få betre resultat på nasjonale prøver. Tre av skulane deltek på «Språkløyper» - Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving 2016–2019.

Tidleg innsats er ei nasjonal satsing. Meland kommune vil setje i gang eit eige prosjekt knytt til tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialundervisning. Mål er å redusere tal på elevar med spesialpedagogisk vedtak og styrke arbeidet med tilpassa opplæring.

4.4.3 Planbehov barnehager:

Strategi for å bli ein realfagskommune – eit samarbeid mellom skulane og barnehagane i Meland.

Kommunal barnehage, regulering og prosjektering av ny kommunal barnehage. Byggestart 2017/18.

5 Kultur

Mål: Vi skal stimulere til kulturell deltaking, kreativitet og fremja fysisk aktivitet

Meland sin vekst stiller oss overfor sentrale utfordringar og tiltak på kulturfeltet i komande planperiode. Kulturlova fastlegg offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturtilbod med høg kvalitet, slik at alle kan få høve til å ta del i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

5.1 Utfordring og utviklingsretning

Det er stadig større press på areal og det må balanserast mot eit aukande behov for tilrettelegging og sikring av innbyggjarane sine høve til å drive med aktivitet i kvardagen. Som innbyggjar i Meland skal ein ha høve til å kunne vere aktiv kvar dag og drive aktivitetar som passer for kvar og ein. Det skal vere gode lågterskeltilbod til alle. Det skal leggest til rette for behovsgrupper, og universell utforming er eit mål i anleggsutbygging og utvikling av tilboda i kommunen. Ein må sjå på tiltak for å inkludere fleirkulturelle, og oppmoda til auka deltaking og tilrettelegging.

I Meland driv private idrettstilbodet, med støtte frå kommunen. Det er behov for utviding av anlegg på Fossemyra. Det har vore drøfta å etablere eit svømmeanlegg i aksen –Frekhaug-Flatøy-Knarvik.

Kulturskulen er ein viktig arena for å gje tilbod til barn og unge. Det er venteliste på kulturskulen i dag.

I arbeidet med kultur retta mot barn og unge, er ungdomsrådet er ein ressurs for å bygge opp kompetansen på kva tilbod dei ynskjer i sin kvardag.

Biblioteket er ein viktig møteplass, der du får hjelp til bøker, ta del i kulturopplevingar og kan få informasjon. Det har og stor verdi som ein stad berre å vere.

I høve til arbeidet med å ta vare på kulturminne er Meland er i gang med å lage ein kulturminneplan som skal ferdigstillast i 2016.

Kva er kommunen sin evne til å vere ein aktiv kulturaktør? er eit sentralt spørsmål i kulturarbeidet. Her har vi utfordringar med å ha tilgjengelege lokale for kulturaktiviteter. Frekhaug treng ein møteplass som kan vere eit lim i kulturlivet. Dette er viktig for at kommunen skal vere ein kulturaktør. Barn og unge treng og ein møteplass.

5.1.1 Planbehov framover


Det skal lagast ein interkommunal bibliotekplan for nokre av kommunane i Nordhordland.

Det er eit mål å få til ein ungdomsklubb i perioden, då bør vi gjere ei analyse på korleis Holsnøy meieri kan etablerast som ny kulturarena.

6 Folkehelse


Statistisk sett lever vi lenger og er friskare jo høgare utdanning og inntekt vi vi har. Helse er ikkje eit jamt fordelt gode. Det er ikkje enkelt å måle folkehelse og ei rekkje indikatorar kan vere relevante.

Folkehelselova § 5 krev at kommunen skal ha *nøvendig oversyn over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som kan verke inn på denne*. Det er utarbeidd eigen forskrift gjeldande frå 1. juli 2012 som skildrar dette nærare. M.a. er det krav om at oversynet skal vere skriftleg, og basert på datagrunnlag frå statlege etatar, lokal kunnskap frå kommunal helse- og omsorgsteneste og kunnskap om miljø og lokalsamfunn. I folkehelselova § 6 er det krav om at oversikten over helsetilstanden skal inngå som grunnlag for *arbeidet med kommunal planstrategi*, (jf. plan- og bygningslova §10-1).



Figur 15. Folkehelseprofil i Meland 2015

6.1 Status



Figur 16. Folkehelsebarometer Meland

6.1.1 Kor skil Meland seg positivt ut?

- Meland har høgre folkevekst enn dei aller fleste andre kommunar i landet. Dette skuldast både høg tilflytting og høge fødselstall. Talet på fødselar har auka frå 91 i 2010 til 121 i 2013. Dei aller fleste innvandrar kjem frå Europa.
- Befolkninga er yngre enn for landet elles. «Eldrebølga» kjem seinare til Meland. Dette gjer at det m.a. er færre med «eldresjukdomar» som demens mv. enn kva folketalet skulle tilseie.
- Litt fleire enn i landet elles har fullført vidaregåande skule.
- Meland har langt færre hushaldningar med låg inntekt samanlikna med både landet elles, Hordaland fylkeskommune og nabokommunane.
- Meland har lågare andel av eineforsørgjarar samanlikna med fylket og landet elles (men litt høgare enn fleire av nabokommunane).
- Median inntekt i hushaldningane er høgast av Nordhordlandskommunane, og vesentleg høgare enn for Hordaland og landet elles.

- Det fysiske miljøet i barnehagar og skular vurderast som bra. Alle barnehagar, og 5 av 6 grunnskular er godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern.
- Med unntak av E39 over Flatøy er det ikkje spesielle utandørs risikoområde.
- Dei målingar som er gjort indikerer liten radonfare i private heim og offentlege bygg.
- Vassverka i Meland har betre vasskvalitet enn i fylket og landet elles, målt på bakterieinnhald.

6.1.2 Kor skil Meland seg negativt ut?

- Av Nordhordlandskommunane kjem Meland dårlegast ut på tannstatus både for alle dei 3 undersøkte årskull (5 år, 12 år og 18 år). Det finst ikkje nasjonale tal som er samanliknbare.
- Det er litt fleire gravide som røykjer enn i landet elles. Men tala er små, og avvik kan og skuldast ulike registreringspraksis.
- Samanlikna med andre kommunar, fylket og landet elles, bruker Meland langt mindre pengar på førebyggjande helsearbeid, både innan skulehelse, psykisk helse, rehabilitering og habilitering.
- Meland bruker mindre pengar på kommunehelse enn i landet og i fylket, og langt mindre enn dei andre Nordhordlandskommunane.
- Kommunen har ikkje lågterskel-tilbod innan helse, som t.d. frisklivsentral og helsestasjon for ungdom.
- Ved sesjon er det fleire menn som er overvektige enn i fylket og landet elles.
- Trivsel i ungdomsskulen er lågare enn i landet elles, men har vorte betre dei siste åra.
- Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) rapporterer at det vert tilvist forholdsvis fleire barn og unge frå Meland enn frå dei øvrige Nordhordlandskommunane. Sakane i Meland er og meir komplekse. Det vert etterlyst betre kommunale tenester for barn og unge innan psykisk helsevern.
- Politiet har registrert auke i kriminalitet av direkte betydning for helse. Det gjeld både narkotikasaker, valdshandlingar og valdtekt. Det er imidlertid små tal, og usikkert om det er reell auke.
- Det er vesentleg fleire nyfødde med høg eller låg fødselsvekt (5,9 %) samanlikna med andre kommunar og landet elles (3,5 %).
- Litt fleire unge (18-24 år) får sosialhjelp i Meland (6,0 %) i løpet av eit år enn i landet (5,8 %) og fylket (5,1 %) elles.
- Det er litt fleire unge arbeidsledige (<30 år) samanlikna i landet, fylket og andre kommunar i regionen.

6.2 Sosiale indikatorar

Når ein skal gjere vurderinga på korleis møte utfordringa i framtida, er statistikk over sosiale indikatorar eit godt grunnlag. Ved å sjå på kommunen sin profil kan vi vurdere kvar vi skal setje inn tiltak og kvar ein bør arbeide systematisk og tverrfagleg.


Folketal i kommunen per 1.1.14: 7 544	Meland	Hordaland	Norge
Del i hushald med låginntekt	6,5	9,0	10,2
Prosent innflyttarar i hushald med låginntekt	18,5		
Grad av sysselsetting - begge kjønn	72,0	70,5	68,7
Grad av sysselsetting - menn	76,3	73,3	71,6
Grad av sysselsetting - kvinner	67,6	67,5	65,7
Prosent i heiltid - begge kjønn	73,7	73,4	73,5
Prosent i heiltid – men	88,0	84,0	83,3
Prosent i heiltid - kvinner	57,4	61,2	62,3
Arbeidslause - begge kjønn	2,5	2,1	2,6
Arbeidslause – men	1,9	2,1	2,8
Arbeidslause – kvinner	3,2	2,0	2,4
Del med høgare utdanning - begge kjønn	23,5	29,8	28,8
Del med høgare utdanning - menn	19,1	26,7	26,0
Del med høgare utdanning - kvinner	27,9	32,9	31,6
Gjennomføring av VGS - fullført med studie- eller yrkeskompetanse	73,0	70,0	69,0
Uføre i prosent av folketal	8,6	7,7 *	9,3 *
Sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar	2,6	2,4 *	2,5 *
Legemeldt sjukefråværsprosent	6,2	5,5	5,5
Barnehagebruk - del barn 1-5 år med barnehageplass	93,4	90,8	90,0
Valdeltaking - kommuneval	68,3	66,5	64,2
Valdeltaking - fylkestingsval	64,2	61,4	59,9
Kriminalitet - i alt	32,8	65,9	75,2
Kriminalitet – brotsverk	21,7	45,0	51,6
Kriminalitet – misferd	11,2	20,9	23,6
Del av befolkninga 16 år eller yngre	25,8	21,3	20,7
Del av befolkninga 25-54 år	40,6	41,3	41,1
Del av befolkninga 70 år eller meir	7,5	10,2	10,5

Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Totalt i kommunen	578	291	287
Største innvandrargrupper (landbakgrunn):			
Romania	102	61	41
Polen	78	44	34
Litauen	53	32	21
Eritrea	40	23	17

Thailand	37	9	28
Filippinene	21	4	17
Sverige	18	11	7
Storbritannia	18	12	6
Russland	14	3	11

Figur 17. Sosiale indikatorar Meland

6.3 Levekår ungdom




Figur 18. Forventa levealder for 30 åringar knytt opp mot utdanningsnivå

6.3.1 Trivsel

Andelen ungdomsskuleelevar som oppgjev at dei er veldig eller ganske mykje plaga av einsemd, er ikkje eintydig ulik frå resten av landet. *Tal er henta frå Ungdata.*

Tal på ungdom som oppgjev at dei er litt eller svært nøgd med lokalmiljøet, er på same nivå som ved resten av landet.


6.3.2 Barn i låginnteksfamiljar



Figur 19. som syner barn i låg innteksfamiljar

Meland kommune ligg under snittet i oversikt frå 2005-2013. Vi ser ein gradvis auke frå 2011-2013.

6.3.3 Arbeidsløyse i Meland



Figur 20. Oversikt over ledige i Meland, Nordhordland og Hordaland frå 2014-2016

Tal frå 2016 statistikk viser ikkje ein markant auke i arbeidsledighet i Meland. Kommunen har tidlegare med 2.5% ledige lagt over statistikken i Hordaland, som var på 2,1% i 2014 tal. Det kan virke som det jamnar seg meir ut i 2016. Dette kan og vere tal som ikkje speiler nedgang i oljerealtet næring i Meland enda.

Det er og andre grunner til at folk ikkje er ein del av arbeidslivet som sjukdom. Det å halde folk i arbeid vil samfunnsmessig vere viktig. Det er ofte muskel og skjelett sjukdomar, samt psykiske diagnosar hovudårsaka til at personar fell ut av arbeidslivet.

6.3.4 Arbeidsløyse blant unge

I alderen ungdom under 25 år er det er per.11.04.2016. 24 personer heilt ledige, og 10 personer på tiltak (NAV –tal 01.04.16)

Når det gjeld ledigheten blant unge i Meland, har vi lagt litt over statistikk for unge arbeidsledige ei stund. Dette har og ein samanheng med at vi har ei ung befolkning. Det er grupper som vi ikkje ser igjen på statistikk, som kan vere ei utfordring i høve til utanforskap. Det er gruppa unge som ikkje melder seg på NAV, etter å ha «droppa ut» av skule og er heime utan å ta del i fellestilbod.

Når det gjeld ledighet blant unge har kommunen ein strategi på at ungdom i alderen 20-24 år ikkje skal vere passive mottakarar av yting. Her skal det setjast inn tiltak. Det er etablert eit tilbod gjennom NAV, eit tiltak der alle som melder seg på NAV må møte på «Ungjobb». Ungjobb avdekkjer og andre utfordringar som ungdommen kan ha. Utanforskap kan forebyggjast med tiltak som Ungjobb, der ungdomane vert ein del av eit fellesskap.

6.3.5 Ungdomskriminalitet

Det er naturleg nok i byane det meste av kriminaliteten er registrert. Politiet i Lindås og Meland ser også utfordringar i våre kommunar, det er difor viktig å rette fokus på forebygging også her.


Det er sett i gang tiltak for å forebyggje kriminalitet i aldersgruppa barn og unge 14-20 år. Det er oppretta kjernegruppe (mars 2015 kommunestyrevedtak) som er etablert på alle ungdomskuler og vidaregåande skular. Dette er eit politi – skulesamarbeid. Der det og blir invitert inn andre som helse, barnevern og ungdomskontaktar. Målet er å redusere ungdomskriminalitet og forebyggje ungdom i risikosona og redusere tal på saker som blir meldt. Dette starta opp som eit Naskeriprojekt, men er blitt utvida til å gjelde skadeprosjekt, vold. Dersom nokon vert teke for td. naskeri vert dette ikkje meldt, men ein får påtaleunntatelse m/vilkår. Det vert etablert formelle samtaler med ungdommane for å forebyggje, der ungdommen må møte kommunen for å ha samtaler og oppfølging. Dette prosjektet har politiet det gode erfaringar med.

Politiet ser og ein trend i aldersgruppa 14-20 år med auka tendens til bruk av narkotika blant unge. Andre tendensar er familievold og seksualisert vold. Nettbruk er ein stor utfordring knytt opp mot kriminalitet.

6.4 Utfordring og utviklingsretning

Folkehelse og levekårsperspektivet er eit overgripande perspektiv i kommunen sitt arbeid. Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer. Den største utfordringa er å få folkehelseperspektivet inn i all planlegging i kommunen og løfte det frå det som tidlegare var knytt til helserealert arbeid.

For å jamne ut helseskilnader treng ein nødvendigvis ikkje nye tiltak eller planer, men sjå på fordelingseffekten av det som alt er gjort. Kan innsats slå ulikt ut over ulike grupper? Er det økonomiske, fysiske eller sosiale barrierer, som gjer at alle ikkje kan nytte seg av tilbodet eller tenesta? Dette er viktige problemstillingar å ha med når ein planlegg for å utjamne helseforskjellar innan alle områder i kommunal verksemd.



7 Helse/ ungdom


Mål: *Vi skal gje barn og unge best mogleg tilbod for å førebyggje fysiske og psykiske sjukdomar.*

7.1.1 Helsestasjon

Helsestasjonen tilbyr heimebesøk til alle nyfødde i kommunen. Helsestasjonen utfører helseundersøkingar av born, vaksinasjon og har skulehelsetenestetilbod. Helsesøster sitt arbeid kan rettes mot alle befolkningsgrupper. Kommunen er pålagt tiltak for barn/ungdom frå 0-20 år.

7.1.2 Helsesøster

Meland kommune har færre helsesøstrer pr. innbyggjar 0-5 år samanlikna med nabokommunar og landet ellers.



Figur21. Tabell over helsesøstertilbodet i Meland 2016

Normtall frå Helsedirektoratet betyr at desse tala er ei minimumsnorm, det kan være lokale grunner til at dekninga bør være betre. Tabellen syner at vi ligg under normtala for helsesøster i alle skulane.

100% helsesøster kan max følge opp: 300 elevar i barneskulen-/550 elevar i ungdomsskulen.


Det er gjort ei kartlegging over kva skulehelsetenesta jobbar med. Resultata syner at skulehelsetenesta arbeider mest med vektproblematikk og kost/aktivitet. Psykiske plagar og trivsel på skulen er og hyppige årsaker til kontakt med helsesøster. Det er flest jenter som nyttar tenesta. Helsesøster opplever ei gradvis dreining i retning mot meir individretta arbeid, dette skjer på bekostning av helsefremmande tiltak og tidleg førebygging. Helsesøster ser og at dei får fleire og meir ressurskrevjande saker, som krev tettare tverrfagleg samarbeid.

I høve til førebygging er helsesøster rollen svært viktig som eit lågterskel tilbod. utfordringa vert at ein arbeider mindre systemretta og meir individretta. Det er mange «drop-in» så arbeidsdagen vert prega av enkeltsaker og støttesamtaler, og rettleiing krev tid og tilgjenge. Det er eit økt behov for helseopplysning, undervisning og meir tilgjengelig lågterskel helsetilbod i både barne- og ungdomsskulen.

7.1.3 Psykisk helse


Psykisk helse arbeider med å styrke forbyggjande og helsefremmande arbeid for barn og unge, spesielt innan psykisk helse og rusområdet. Vidare arbeider ein med barn i risiko i sosiale tilhøve eller sjukdom hjå foreldre.

Statistikk psykisk helseteneste - utvikling 2012 – 2015



Figur 22. Oversikt over utviklinga av arbeid retta mot psykisk helse 2012-15.

Statistikk psykisk helseteneste - status diagnosegrupper 2015



Figur 23. Oversikt over dei ulike diagnosegruppene.

Det er ei stor gruppe personer som har diagnoser innan gruppa depresjon og angst. Arbeidet med psykisk helse er utfordrande. Det er behov for å setje inn tiltak på tidleg oppfølging og identifisering, slik vil samfunnet spare utgifter i neste fase. Det er og viktig å bistå foreldre og stryke foreldrerolla. Det er svært gode erfaringar med foreldrerettleingsprogram. Dette burde vore systematisert betre og kunne med fordel vore gjeve til ei større gruppe.

7.1.4 Barnevern

Mål: Barnevernet skal gje råd, rettleiing og hjelpetiltak som kan bidra til at foreldre og føresette sjølv kan klare sine omsorgsoppgåver.

Barnevernet skal sikre at barn og unge, som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig støtte og hjelp. Kommunen har hatt fokus på tidleg innsats for barn og unge med særlege utfordringar.

Det er utfordringar innan barnevernsarbeidet, på grunn av låg bemanning og auka saksmeng, vil det vere ein reell risiko for at barn og unge ikkje får den hjelpa dei treng. Forventninga til tenesta overgår og ofte det tilbodet som dei kan gje. I framtida bør vi drøfte kva rolle barnevernet skal ha og korleis kan vi arbeide enda betre med førebygging og foreldrerettleiing. Korleis skal vi forsterke innsats for dei som er mest risikoutsette? Det er kostbart å reparere, rimelegare og betre å førebyggje.

7.1.5 Planbehov framover

Strategi for å setje inn meir ressursar på systemnivå enn på individnivå.

Strategi på korleis arbeide meir systematisk på tvers av fagområder innan helsefeltet.

Tiltak for førebygging- tidleg innsats og utvida tilbod om foreldrerettleiing.

Styrke helsesøstertilbod som ein arena der ein og kan arbeide meir systemretta, mot ei stor gruppe barn, unge og småbarnsfamiliar.


7.2 Helse og omsorg over 67 år

Samhandlingsreforma legg opp til at ein i kommunane skal bruke meir ressursar på å førebygge sjukdommar i staden for å reparere. Det førebyggjande helsearbeidet vil verte ei utfordring for Meland kommune i dei næraste åra. Kommunen må ha fokus på tilrettelegging for aktivitet for både eldre og yngre.

Eldre er ikkje ein einsartagruppe, dei fleste greier seg sjølv, men dei som treng hjelp vil ha eit meir samansett sjukdomsforløp enn i dag. Det vert kravd spisskompetanse for å møte utfordringane.


7.3 Utfordringar og utviklingsretning

Det førebyggjande helsearbeidet i kommunen må ha fokus på tilrettelegging for aktivitet, for både eldre og yngre. I planarbeidet vert det viktig med planar som omhandlar bustadbygging i gang og sykkelavstand i frå aktivitetar. Dette for å få til ei god helse i befolkninga. Det er og viktig å arbeide systematisk med kvardagsrehabilitering.



Figur 24. tabell over folketalsutviklinga 2017-2025

Demografiske framskrivingar syner at Meland kommune kjem til å få befolkningsvekst innan gruppa eldre. Denne vil auke fram mot år 2025. Prognosen for eldre over 80 år viser at det vil vere 361 fleire i denne gruppa i 2025 enn i dag. Dette er ei auke på 40 %. I denne gruppa må vi rekne med at det er fleire som trenger rehabilitering, og det vil vere fleire med demenssjukdom.



Figur 25. Yrkesaktive per. pleietrengane mot 2040

Tabellen viser kor mange yrkesaktive det er per. person med eit pleiebehov i eit framtidsperspektiv. Dette viser kor sårbare vi vil bli med bemanning i framtida. Det er viktig at kommunen har ein langsiktig plan for korleis vi

skal møte utfordringane i pleie og omsorgssektoren. Det blir færre yrkesaktive per. eldre i tida framover. Korleis skal vi organisere helsearbeidet for å møte framtida sine utfordringar? Det er ei stor utvikling innan omsorgsteknologien, korleis vil dette gripe inn i kommunekvardagen og korleis skal vi planleggje for å nytte denne teknologien på ein god måte?

Gruppa demente aukar, og det er ei stor del av dei som bur heime. Kommunen får eit lovpålegg i 2020 om å gje heimebuande demente eit tilbod på dagtid. Kvardagsrehabilitering er eit arbeid som må systematiserast enda betre.

7.3.1 Planbehov framover

For å kunne ha høve til å gje gode tenester i framtida, må vi arbeide målretta med strategiar for å få folk til å kunne bu lenger heime. Vi må og etablere eit system for kvardagsrehabilitering.

Vurdere tilrettelegging av bufellesskap for eldre.

Det må utarbeidast ein plan på korleis skal vi gje eit godt tilbod til heimebuande demente.

Vi må planlegge for korleis vi skal ta i bruk velferdsteknologi på ein systematisk måte.

8 Verdiskaping og kompetanse

Mål: Meland skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland

Kommunen legg premiss for vekst og utvikling i næringslivet ved å levere tenester av høg kvalitet, sikre effektiv planlegging og forvaltning og ved å vere ein marknad for mange verksemdar.


8.1 Utfordring og utviklingsretning

Skal Nordhordlandsregionen vere konkurransedyktig er vi avhengig av å satse på forskning, innovasjon, nyskaping og entreprenørskap.

Sekundærnæringa er den største næringa i Nordhordland. Denne kategorien omfattar industri, bergverk, kraft- og vassforsyning og bygge- og anleggsverksemd. Petroleumsrelatert industri på Mongstad og i Sløvåg er den sterkaste motoren i industrien i Nordhordland. Men det er også ei rekke andre små- og mellomstore verksemdar som ikkje er knytt til aktiviteten i oljenæringa.

NHOs KommuneNM: NHOs KommuneNM rangerer kommunene etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarked, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Tallgrunnlaget er fra 2014.

Meland



Best Nest best Middels

Fordeling av arbeidsplasser i Meland

Jord/skogbruk/fiske	2,8 %
Industri og olje	27,6 %
Byggevirksomhet	6,6 %
Varehandel	6,6 %
Overnatting og servering	0,1 %
Offentlig administrasjon	4,4 %
Undervisning	12,2 %
Helse-sosial	25,1 %
Tjenester	14,7 %
SUM	100,0 %
% endring siste 3 år	3,98 %


Kilde: SSB, 4. kvartal 2014

Figur 26. NHO sitt næringsbarometer 2015

I arbeidet med næringsutvikling ser vi over kommunegrensene også i planlegginga. Det er utarbeida ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland. Hovudstrategien er at Nordhordland skal vere ein region der kommunane legg til rette for eit sterkt næringsliv og attraktive bumiljø. Det er peika ut fem fokusområde; Næringsliv, innovasjon og grunderskap, bumiljø og tettstadutvikling, infrastruktur og omdømme.

Alle fokusområda krev samordna og målretta planlegging. Dei tre siste er omtala i andre kapittel i dette notatet. I fokusområde «Næringsliv, innovasjon og grunderskap» er delmål at næringslivet i Nordhordland skal vere nyskapande og robust. Vi skal ha eit innovativt miljø der det er lett å etablere seg. Utfordringa blir korleis vi skal planlegge for å imøtekome desse måla. Meland har størst utpendling av kommunane i regionen.


Det er behov for omstilling i næringssektoren. Behovet for omstilling på grunn av endringar i oljesektoren kjem i tillegg til følgene av den teknologiske utviklinga – den tredje industrielle revolusjon. Utviklinga er kjenneteikna av automatisering, digitalisering, robotisering og såkalla smarte produkt.



Figur 27. Kakediagram over kvar innbyggjarne i Meland arbeider.

Hordaland fylkeskommune si prognose for pendling (AUD-rapport 5-13), viser at pendlinga vil auke. I Hordaland er det Bergen som har størst inn- og utpendling, og prognosane tilseier at pendlinga til og frå Bergen og vil auke i åra som kjem. Pendlinga til og frå Nordhordland vil også auke. Faktorar som vil påverke pendlinga, er kvar det vert skapt nye arbeidsplassar, kvar folk vel å busetje seg, og nye infrastrukturprosjekt som kan endre pendlingsstraumane. For Nordhordland er det i første rekke Nyborgtunnelen som kan påverke pendlinga. Tal frå 2014 viser at 32,9% av dei sysselsette innbyggjarane arbeider i Meland, mens 16,9 % arbeider i Lindås og heile 38 % arbeider i Bergen. Utfordringane med så stort tal på utpendling er og knytt til innbyggjarane sin identitet, til handelsgrunnlaget og til transportutvikling.

I Meland viser NHH sin statistikk at dei offentlege arbeidsplassane er store med 37 % tilsette. Det er og heile 27,6 % som arbeider i industrisektoren og oljenæringa.



Figur 28. Kakediagram over kvar arbeidstakarane i Meland bur.

8.2 Planbehov framover

Strategiar for å utnytta kompetansen i oljesektoren.

Eit oljerelatert næringsliv har dei siste åra ført til høg sysselsetting, mangel på arbeidskraft og stor arbeidsinnvandring til Nordhordland. No går vi inn i ein periode med svingane oljeprisar og lågare aktivitet i oljesektoren. Dette har auka behovet for å utvikla nye arbeidsplassar i andre næringar og bransjar. Omstillinga må ta omsyn til behovet for å utnytta den høge kompetansen som er bygd opp rundt denne sektoren.

Ny teknologi som kan gje grunnlag for omstilling av næringar eller nye næringar bør tas i bruk i eit samspel med eksisterande næringsretta kunnskap. Korleis skal vi vere med på å tilretteleggje for ny næring? Vi vil utarbeide ein næringsstrategi i samarbeid med Byregionprogrammet (Byr)

Fysisk planlegging

Vi treng strategiar for å få eit levande og attraktivt senter på Frekhaug.

Arealdelen til kommuneplanen bør rullerast på tema havbruksrelaterte næringar, som akvakultur og oppdrett.

Næringslivet treng fleksibilitet og rimelege løysningar, t.d. klynge i grundermiljø eller etablering av rimelege/ mellombelse kontorfellesskap i dei ulike næringsareala.

Vi treng ein samanstilling av ledige næringsareal i regionen og analyse av kva type næring som høver.

9 Miljø, landbruk og klima

Kommunen skal arbeide for å sikre rekruttering av ungdom til bondeyrke. Kommunen skal også stimulere til nye tiltak i landbruket. Auka bruk og utbygging legg meir press på areala i kommunen, det er difor viktig at naturmangfaldet vert teke i vare gjennom god planlegging

ved ny eller endra arealbruk. Kommunen skal leggje til rette for eit langsiktig og berekraftig landbruk for framtida, samtidig som ein tek vare på det varierte kultur- og naturlandskapet. I kommunen finn vi fleire artar og naturmiljø som har stor lokal og regional verdi, kommunen vil jobbe for at desse vert ivaretatt og kan vere ein verdi for framtida. Meland har eit variert landskap og mange ulike livsmiljø. Meland kommune må sikre at det biologiske mangfaldet og naturmiljøet vert ivaretatt gjennom berekraftig bruk av naturen og naturressursane.

9.1 Planbehov framover

Vassforvaltningsplan for Hordaland er forventa vedteke i 2016. I Vassforvaltningsplanen for Nordhordland er det eit krav om at kommunane skal kartlegge miljøtilstanden til vassdraga som er ein del av denne planen.

Det skal utarbeidast ei lokal forskrift for utslepp i kommunen basert på prinsipp i forureiningslova og EU sitt vassdirektiv.

10 Arealdisponeringar og infrastruktur

Gode tettstader skaper attraksjonskraft. Aksen Alversund-Knarvik- Frekhaug skal utviklast vidare med urbane kvalitetar.


10.1 Utfordringar og utviklingstrekk

Det skal vere tilbod om både arbeidsplassar og bustader i og nær sentrum. Tettstadene i regionen er av stor lokal betydning, både som møteplassar og gjennom sitt servicetilbod. Kvalitet i tettstadutvikling har verknad langt utover det lokale perspektivet, og styrkar heile regionen sin identitet. Både dagens og framtidige innbyggjarar skal kjenne tilhøyrse til tettstaden sin og dermed til regionen.



Figur 29. Illustrasjon over utviklingsaksen Frekhaug- Flatøy- Knarvik

Aksen Frekhaug- Flatøy- Knarvik er framtidig utviklingsområde. Flatøy er innfarten til Nordhordland og ein del av byregionen Bergen. Med si strategiske plassering langs E39, mellom kommunesenteret på Frekhaug og regionsenteret i Knarvik, ligg Flatøy geografisk vel til rette for ei utvikling med omfattande bustadbygging og næringsutvikling.



Figur 30. Utviklingsaksen Frekhaug – Flatøy - Knarvik

Utviklinga av området er ikkje minst viktig i høve til dei regionale planane for kollektivstrategi, lokal senterstruktur og kommunal areal- og transportplanlegging; desse planane legg premissane for vidare vekst nord for Bergen. Flatøy / Knarvik er «porten» til Nordhordland. Vi har i arealdelen for Meland lagt ut areal til både bustad og sentrumsføremål i Frekhaug - Flatøyområdet. Det er ikkje sett i gang detaljregulering av dei større områda. Det er planlagt å utføre ei analyse i Frekhaugområdet knytt opp mot utviklinga på Flatøy. Det er starta opp arbeid med områderegulering på Vikebø / Rossland områdesenter.

10.2 Planbehov framover


Vi treng analyse for ei heilskapleg utvikling av området Sagstad – Langeland – Fosse. Intensjonen med dette arbeidet er at før ein går i gang med detaljplan, så ynskjer administrasjonen å lage seg eit tilstrekkelig godt bilde på eit overordna nivå, av dei muligheter og utfordringar som ligg føre. Då vil ein ha eit godt grunnlag for å ta gode avgjersler med omsyn til vidare utvikling i området.

Kommuneplanen inneheld krav om områderegulering i Langelandskogen.

11 Samferdsel


Mål: Meland skal ha ein effektiv, trygg og miljøvenleg infrastruktur

Gode kollektivløysningar og tenleg infrastruktur er ein føresetnad for å skape gode lokalsamfunn. Nordhordlandsbrua kan seiast å vere den største faktoren for veksten i vår region.




Figur 31. Årsdøgn trafikk (ÅDT) 2015- tal

Nasjonale mål seier at veksten i befolkningsutviklinga skal ikkje resultere i meir biltrafikk. Det er gang- og sykkelløysingar og kollektivtransport som skal løyse transporttilbodet i framtida.



Figur 32. Illustrasjon over kollektivknutepunkt i dag

Det er eit mål at det skal vere lett å velje kollektive reiseformer mot Bergen og regionsenteret. Det er difor viktig å ha ei god kopling mellom kollektivtilbod og utbyggingsmønster. I regi av Statens vegvesen er det sett i gang eit arbeid med reguleringsplan for innfartsparkering og kollektivknutepunkt på Flatøy. Vi må og arbeide for å få til eit enda betre skyssbåttilbod med auka frekvensar og helge/kveldstilbod i kommunen.



Figur 33. Illustrasjon over framtidig kollektivtilbod i aksa.

11.1 Gang- og sykkeltrafikk

Kommunen vil arbeide målretta for å få til eit betre gang- og sykkelvegtilbod. I Meland er det fleire strekningar som ikkje er tilrettelagt for gang- og sykkeltrafikk. Det må difor planleggjast for eit godt sykkeltilbod i heile kommunen, med eit fokus på effektiv sykkelveg i aksa. Sjå illustrasjon under.



Figur 34. Illustrasjon over framtidig sykkelvegtrase



Figur 35. Illustrasjon over områder i Meland som ikke har gang- og sykkelvegsløsninger

I høve til tiltak på fylkesvegnettet i Meland er prioriteringane i Nordhordlandspakken viktig. Her trengst det ressursar for å følgje opp planarbeidet til statens vegvesen også i kommunen

Dette er prioriteringane i Nordhordlandspakken i Meland kommune:

Fv. 245 Fosse – Moldekleiv, vegutbetring inkl.gang og sykkelveg.

Fv. 564 Fløksand - Vikebø.

Fv. 564 Sandskaret – Holme.

FV. 564 Frøhaugkrysset

Innfartsparkering og kollektivterminal Flatøy

Rullering av trafikksikringsplan for kommunen er starta opp 2016.

Statens Vegvesen har sett i gang eit arbeid med kommunedelplan for E-39 Eikanger-Flatøy, her er kommunen representert i planprosessen.

11.2 Planbehov framover

Det må gjerast ei kartlegging over strekningar som må utbetrast i høve gode gang- og sykkelvegar, og det bør utarbeidast ein sykkelstrategi i perioden – med prioriteringar over tiltak.

Arbeid med temaplan for kommunale vegar er starta, den skal ende i ein strategi for utbetring, drift og vedlikehald av kommunale vegar og sette standardkrav.

12 Organisasjonsutvikling

Mål: Meland skal vere ein berekraftig og effektiv kommune med fokus på kvalitet, læring og utvikling.

Meland kommune skal arbeide for å leggje til rette for ein effektiv tenesteproduksjon innanfor dei viktigaste velferdsoppgåvene.

Det er ei målsetjing å leggje vekt på utviklings - og kvalitetsarbeid innan dei ulike tenestene. Dette vil vere viktig for m.a. for å kunne møte nye krav til kommunen frå nasjonalt hald, t.d. gjennom krav i nasjonale tilrådingar og lovverk. Det er samstundes viktig at kommunen er klar på kva innbyggjarane har rett til å forvente når det gjeld standarden på dei kommunale tenestene, og på same måte avklare forventingar om kva kommunen ikkje skal eller kan levere. Arbeidsgjevarstrategien «Skodd for framtida» (2014-2018) er styringsdokumentet for god organisasjonsutvikling.

12.1 Planbehov framover

Det vert arbeida med KF kvalitetstyring i tenesteområda

Strategisk kompetanseutviklingsplan m/årlege tiltaksplaner

13 Oppsummering

Dette dokumentet syner at det er utfordringar innan alle dei kommunale tenesteområda. Innanfor dei økonomiske rammene vi har i dag, vil det ikkje vere mogleg å setje inn tiltak på alle områda. Det vil difor vere viktig å setje mål og prioritere tiltak ut frå måla.

Når ein planlegg for ei god samfunnsutvikling er alderssamansetningar i kommunen eit sentralt element. Slik kan vi prioritere ressursar på dei områda der det ser ut til å bli størst vekst. Det er og ein peikepinn på kor ein bør gå inn, og gjere tiltak for å førebyggje for framtidige utfordringar. Demografien viser at kommunen er ein vekstkommune med ei ung befolkning. Kommunane legg premissane for utviklinga av lokalsamfunnet og kan slik påverke barn og unge sin oppvekst.

Dette betyr at vi må arbeide målretta med tiltak for barn og unge for å få ei god utvikling. Det er gjennomgåande i dokumentet peika på at vi må arbeide med folkehelse og førebygging for å få til eit godt samfunn for alle. For å jamne ut helseskilnader treng ein nødvendigvis ikkje

nye tiltak eller planer, men vurdere fordelingseffekten av det som alt er gjort. Kan innsats slå ulikt ut over ulike grupper? Er det økonomiske, fysiske eller sosiale barrierer som gjør at alle ikke kan gjøre seg nytte av tilbudet eller tenesta?

Tenestemåra melder om at det er det individretta arbeidet som tek tida i kvardagen. Arbeidet på systemnivå, som helsefremmande tiltak og førebygging, vert nedprioritert. Arbeid på systemnivå er langsiktig, og i kampen om ressursane er ofte resultatet at kortsiktige tiltak, som er raskt synlege vert prioritert. Resultatet er kostbare «reparasjonar» der det hadde vore rimelegare å førebygge.

Kvar skal vi sette inn tiltak til systemretta arbeid og førebygging? Ein arena der ein kan gjøre systemarbeid i høve førebygging er helsestasjon/helsesøstertilbodet. Dette kan vere lågterskel tilbod som helsestasjon for ungdom med tilbod om psykolog, lege og helsesøster ol. Korleis skal vi planlegge og skape rom for systemarbeid innan tenestemåra?


Ulikskap i levekår og livskvalitet blant norske ungdommar heng tett saman med foreldra sine sosiale og økonomiske status. Det går fram av nye analyser frå Ungdata. «Vi tenker gjerne på Norge som et land med små sosiale forskjeller der de fleste har mer eller mindre de samme oppvekstbetingelsene, men disse analyser viser et annet bilde,» sier forskar Anders Bakken ved NOVA på Høgskolen i Oslo og Akershus.

Forskarane har undersøkt kva familien sine økonomiske og sosiale ressurser betyr for ungdommar sin livssituasjon og levekår på ei rekke område. Hovedinntrykket er at det er systematisk ulikskap i ungdom sine levekår og livskvalitet på nær sagt alle områder som er undersøkt. Jo høgare sosioøkonomisk status familien har, jo betre er livssituasjonen.

Forskarane ser eit tydelig trappetrinnsmonster, der problema aukar jo færre økonomiske og sosiale ressurser familien har. Konklusjonen er basert på analyser av nye tal fra Ungdata. Nær 120 000 ungdommer frå heile landet i alderen 13–19 år har svart på Ungdata-spørreskjemaet i 2014 og 2015. Dette er nasjonale tal, men det er ingenting som tyder på at dei ikkje og gjeld for Meland.

Undersøkinga viser og at det er ulike fritidsarenaer og fritidserfaringar som følgjer sosiale lag. Rapporten viser nokon tydelege, men diametralt motsette sosiale mønstre i ungdomane sine fritidsvaner. Ungdom frå høgare sosiale lag deltek oftare enn andre i organiserte fritidsaktivitetar, mens ungdom frå lågare sosiale lag brukar mest tid på ulike skjermbaserte aktivitetar. Det er berre i fritidsklubbane at ein finn flest ungdom frå familiar med låg sosioøkonomisk status. Difor vil det vere viktig i Meland å etablere arenaer som ungdomsklubb, slik at alle ulike grupper har eit fritidstilbod. Arena for å drive med uorganisert idrett er og med på å førebygge sosial ulikskap.

Viktige spørsmål blir; kvar skal ein setje inn ressurser og korleis skal ein få til eit godt arbeid på tvers av fagområder? Vi må planleggje på tvers av fag og profesjon, slik at vi får ei samla utvikling i kommunen. Korleis skal vi løyse det i Meland? Kvar skal vi setje inn tiltak i form av strategiar, planar og handling?



Biletet over kan illustrere korleis ein må tenke heilskap i utviklinga av lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen i arbeidet retta mot barn og unge.

Det at vi har ei ung befolkning er eit resultat av at unge barnefamiljar vel å bu i Meland. Desse vil vere ein ressurs for å vere med å skape gode rammer i oppveksten til barn og unge. Dette krev tilrettelegging av gode og attraktive bustadområde med møteplassar. Dette heng igjen saman med folkehelse og kva levkår innbyggjarane vil få. Viktige spørsmål blir; korleis skal vi få sosialt bærekraftige bumiljø? Kva planer og strategiar treng vi for å stille krav om utforming av bumiljø som gjev gode oppvekstvilkår? Korleis skal vi få til å bygge det gode naboskapet, som inkluderer og inviterer?